

E. J. Jahnse

KIRKEBLAD

FOR

DAVIK

Nr. 46	Utkommer hver måned	Juli 1934	Utgiver og redaktør: Sogneprest Slaattelid Davik	5. årg.
--------	---------------------	-----------	---	---------

Bønn etter nadveren.

Jesus, Frelser, vær du en frelser for oss alle. Vær foran oss for å føre oss fremad; vær bakenfor oss for å drive oss fremover; vær under oss for å holde oss oppe; vær i oss for å fylle oss med din ånd; vær over oss for å verge oss fra det onde. O Frelser, vær du alt for oss: I livet vår ciendom; i gode dager vår lykke; i glede vår fryd; i fristelse vår styrke; i sorg vår glede; i sykdom vår helse; i fare vårt forsvar; i døden vårt evige liv. O Frelser, barmhjertige Frelser, høs oss! Amen.

En hilsen til de gamle.

Det er ikke greit å bli gammel. Det er noget vemodig ved det å visne og merke at man ikke lenger er hvad man engang var. Håret gråner og tynnes, ryggen böies, gangen blir langsom og besværlig, hørsel og syn avtar kanskje, og hukommelsen svikter. Nei, det er ikke greit å bli gammel.

Da beror det på hvordan man tar det når man merker, at livsens blad visner og vinteren er nær. — Kanskje med bitterhet, så man blir utålmodig og lunefull, sær og gretten. Det er ikke så underlig for dem som lever uten Gud og intet stort og godt har i vente, når livet hermede er forbi. Eller man tar det kanskje med resignasjon. Men å ressignere, det gir ingen fred. Det blir kun med nogenlunde tilkjempet ro å bære på triste minner og bitre tanker. Nei, det er ikke greit å bli gammel, dersom man ikke har håp til Gud.

Men hvem kan, som dikteren sier, visne glad. Det kan kun den som tror på et evig liv og vet sig å eie dette liv, vet at etter vinteren kommer vår, og som med visshet kan si: »Et bedre forår kommer«, og som ved Guds nåde får tro at:

der grønt mitt tre skal herlig stå
og sine dype røtter slå
i evighetens sommer.

Se det er livets største kunst å lære. Men det må også læres om vi skal visne glad og dø frimodig. Men hvor læres det? Den kristne dikter svarer:

A sie verden rett farvel
i livets gry og livets kveld
er like tungt å nemme.
Det lærtes aldri her på jord
var Jesus, du ei i ditt ord
hos oss, som du er hjemme.

Ja, han alene kan lære oss det, han som har sagt: »Jeg er opstandelsen og livet; den som tror på mig, skal leve om han enn dør.« Når han får åpenbaret for oss Guds kjærlighet i Kristus, at »så har Gud elsket verden at han gav sin sønn den enbårne, så hver den som tror på ham ikke skal fortapes, men ha evig liv«, da blir det så stort for oss hvad vi eier i ham; i oss selv er vi intet, men i ham har vi alt, han som gikk i døden for å gi oss livet, og som er gått foran for å berede oss sted. Da går vår sjels hu og lengsel til ham og vi vet:

når alt er vinter her og is,
da skal et evig paradis
mig hisset åpent stande.

Da kan jeg visne glad og si som den gamle Simeon: »Herre, nu lar du din tjener fare i fred, som du har sagt, ti mine øine har sett din frelse.« Da kan jeg visne glad og dø i fred. Om legemet blir til stov — »min sjel er hos Gud i himmerik og sorgene sine glemmer.«

La det være din daglige bønn, du gamle mann eller kvinne: Lær mig, Herre Jesus, å visne glad. Evighetens sommer har intet vissent blad. Amen.

Efter sogneprest Søren Dahl.

Kristen kjærleik.

Kom kjærleikens konge, Jesus Krist,
og kveik med di ånd vårt indre,
so augo som ljos og liv hev mist,
må etter som stjernor tindre!

Og all denne sorg me kring oss ser
med kjærleikens kraft me lindre!

Kom nær i vår stille nattverdstund
og gjev oss for æva føda!
Og mett os med ordet av din munn
og styrk oss til strid og møda!
Og læk våre løynde hjartesår,
so aldri dei meir må bløda!

Å Herre, gjev oss ditt hjartelag,
so me kan i sanning læra
å elska kvarandre all vår dag
og byrder for andre bera.
Og styrk oss til dine kjærleiksverk
og krym dei med evig æra.

Biskop Støylen i »Kirke og Kultur».

Gudstenesta.

1. Kyrkjeklokka.

Det første som ein sundags morgen minner dei som bur ikring ei kyrkje um at det skal vera gudsteneste, er at kyrkjeklokka tek til å ringja. Tre gonger lyd ho. Fyrst ein time fyrr tenesta tek til, her hjå oss altso kl. 10; andre gongen når presten kjem; tredje gongen med det same ein skal til å byrja. Det er noko underleg vakkert og hugtakande i denne klokkeklangen. Eg hugsar korleis ein gammal mann frå Endal tala um kor vent og høgtidsamt han tykte det var kvar gong han ein preikesundag kom fram um Davikneset og den malmfulle klokkeklangen ljoyna han i møte. Kyrkjeklokka liksom kallar, — kallar til kyrkje, til Herrens hus, til gudsteneste. Den kallar tre gonger, likesom for å minna oss um korleis Gud sjølv kallar på menneskesjelene, ikkje berre ein gong, men etter og etter, tolmodig og uthaldande. Ein eldegammal vakker skikk er at karane lettar på hatten eller huva når det tek til å ringja. Denne sedvane er sikkert frå den katolske tidi, eit uttrykk for vyrdnad og ærefrykt.

I gammal tid vart det nytta andre ting for å kalla til gudsteneste. I det Gamle Testamente les vi, at dei brukte two lurar av sylv. I den kristne kyrkja hadde dei lenge

brett av tre eller metall som dei slo på. Dei fyrste som støypte metallklokkor skal ha vore irlske munkar. Frå ikking år 800 vart kyrkjeklokka vanlege alle stader. Dei er støypte av ei blanding av kopar og tin.

Den eldste av klokkene her i Davik er den i Ålfot. Ho er frå millomalderen og ber eit bilæte av jomfru Maria. I 5—600 år har ho lydt over bygdi. Ætt etter ætt har samla seg til gudsteneste og gravferd under denne same klokkeklangen. Den gamle kyrkjeklokka i Davik sokn er og gammal, sikkert fleire hundrad år. Ho var ei tid nytta på gravplassen i Tytingvåg og er no i Kjølsdal, på hjelpekyrkjegarden der. Den nye klokka i Davik vart kjøpt då kyrkja vart bygd i 80-åri; ho har ein serleg vakker og fyldig klang. Den gamle klokka i Rugsund er frå 1830-åri; den som dei hadde hatt tidlegare brann saman med gamlekyrkja i 1834. Ved restaureringi av Rugsund-kyrkja vart det kjøpt ei ny, so at der no er two. Samstundes kjøpte dei den til Totland kapell. — Ogso på hjelpekyrkjegardane har dei fått seg klokker i seinare tid. Det kjennest jo liksom so fatigslegt ut ved jorddeferd når ein lyst sakna klokkeklangen. Lærarinne Alida Eldevik gav den i Almenning; den vart brukt fyrste gongen då ho sjølv vart gravlagd i 1928. I Hennøy fekk dei klokke som gavé frå lærar Eilert Henøen; han gav henne til minne um einaste barnet sitt, Dorotea, som døydde i 1927. — I Tytingvåg kjøpte dei seg klokke då den gamle Davik-klokka, som dei hadde fått låna, vart flutt til Kjølsdal; ei gammal enkje, Ane Husevåg, gav 400 kr. til dette. Den siste som er kjøpt er den i Berle, ogso kosta berre ved private gåver. Ho er dessverre ikkje teki i bruk enno, då stopulen ikkje er ferdig.

Våre døde.

16. mai: Rasmus Larsson Rimstad; g. kårmann, f. 1854; alderdom.
24. mai: Ole Noesson Kjøllesdal; g. kårmann, f. 1847; alderdom.
24. mai: Ane Abrahamsdtr. Indredavik; kårenkje; f. 1855 på Askeland; alderdom.
8. juni: Kristianne Andersdtr. Ramnefjell, kona til Kristen Ramnefjell; f. 1867 i Otteren; vokster i magen.

Alt kjøt er gras og alt dess ynde som blom på marki. Graset visnar, blomen folnar. Es. 40, 6—7.

Bibelen.

1. Dersom vi kunde tenkja oss at ein Bibel kunde føra dagbok, so vilde den nok ofte verta noko liknande som dette:

15. januar. No har ingen brukt meg i ei vike. Dei fyrste kveldane i det nye året las eigaren min i meg kvar dag, men no har han nok gløymt meg att. —

2. februar. I dag turka dei støvet av meg og la meg so på plass igjen. —

3. februar. Eigaren min brukte meg ei liti stund um ettermiddagen og leitta upp nokre vers. Um kvelden tok han meg med på eit møte. —

7. mars. Vart etter avstøva og lagt pent burt i hylla. Eg har vore med på eit møte sidan eg sist vart teken fram. —

2. april. I dag har eg havt ein arbeidsdag ilag med eigaren min. Han skulde leida eit samtalemøte um den rette bruk av Guds ord og stræva lenge fyrr han fann ein høveleg tekst. —

5. mai. Gamle bestemor er her på vitjing. Eg har lege uppslegen på fanget hennar mest heile dagen. Det fall ei tåre på Kol. 2, 5—7. —

6. mai. Låg i ettermiddag etter på fanget åt bestemor. Mest heile tidi heldt ho på med 1. Kor. 13 og so dei 4 siste vers i 15de kapitel. —

7., 8. og 9. mai. Kvar ettermiddag hjā bestemor. Der er so godt å vera. Sume tider les ho i meg, og sume tider bed ho.

10. mai. Bestemor er reist, og no ligg eg etter på den gamle plassen.

1. juli. Dei har pakka meg ned i ein kuffert saman med klæde og anna. Eg skal vel vera med på ein ferietur.

7. juli. Eg ligg enno i kufferten.

10. juli. Alt det andre er teke ut, men eg ligg der enno.

15. juli. Heime att og på den gamle plassen. —

1. august. Her er fælt varmt og kvævt, for dei har lagt two avisar og ein roman oppå meg. —

5. september. Atter har dei turka støvet av meg. —

10. september. Brukt nokre minuttar av Marie. Ho skriv eit brev til en ven, som hadde mist bror sin, og so vilde ho finna eit par vers som kunde høva. —

Du som les dette: Tak Bibelen din no med det same og sjå kva som står i Josva 1, 8. Korleis er det med din bruk av Guds ord? Kva slags dagbok kom din Bibel til å skriva?

2. Ein utsending frå eit bibelskap kom ein gong til ei gamal dame og spurde um ho hadde nokon Bibel. Ho vart reint harm og ropa: »Trur De at eg er ein heidning?« og snudde seg so til ei liti gjente som var i huset med henne og sa: »Gå og hent Bibelen inne i skuffa, so denne mannen kan sjå, at eg har han.« Han sa, at ho måtte ikkje umaka seg med det; men Bibelen kom fram, fint innpakka, og då ho opna han, datt det ut or han eit par fine gullbriller. Då ropa ho i glad forundring: »Nei du store tid, her er gullbrillene mine! Eg har leita etter dei i tre år og kunde ikkje finna dei! — Kor lenge er det sidan at du som smiler til dette, brukte din Bibel?«

3. Ein mann spurde ein gong Melanchton kva for eit ord i den Heilage skrift han rekna for å vera det ålvorlegaste av alle. Han svara: »Det som for meg er det ålvorlegaste, er ordet um såkornet som fell attmed vegen og so kjem Djævelen og tek det ut or menneskjehjarto, so dei ikkje skal koma til trui og verta frelste.«

4. Anten vil Bibelen halda deg burte frå syndi eller so vil syndi halda deg burte frå Bibelen.

5. Eingong var det samla ein flokk med forfattarar. I samtala var det ei dame som sa, at ho fast og sikkert trudde på det som Bibelen lærer. Ho var kjend for sin litterære dugleik, og ein vantru som var tilstades, vende seg til henne og læst vera svært forundra og spurde: »Nei men trur De verkeleg på Bibelen?« »Ja det gjør eg« svara ho. »Men kvifor trur De på den?«, spurde han vidare. »Fordi eg kjenner forfattaren«, var det slåande svaret. —

Her er grunnen til, at mange ikkje trur Guds ord. Dei kjenner ikkje Gud, han er heilt framand for dei. Og når han prøver å tala til dei i sitt ord, so let dei øyro att, vil ikkje høyra og tru. Men kjenner ein forfattaren, so tek ein med gleda imot det som han seier i Bibelen og finn ljós og von i den. —

6. Ein liten gut sat og blada i ein stor dumbut familiebibel. »Mor«, sa han med eitt, »er ikkje Bibelen Guds bok?« »Jau det er han«, svar mori. Han sat og tenkte på dette ei stund og so sa han: »Mor, skulde vi ikkje då sende Bibelen attende til Gud, for vi brukar han då aldri.«

Den 23. Davids salme.

Herren er min gode hyrding,
ingenting det vantar meg.
Han meg ber til eng og lægring,
vatn og kvile ljuvt hjå seg.
Han mi sjel so herleg kveikjer
og meg før' på rettferds stigar.

Um eg gjeng i daudskuggdalen,
noko vondt ei ottast eg.
Du er med med kjøpp og staven,
du meg trøystar på min veg.
Du mitt bord so herleg dukar,
fram for mine fiendars augo.

Du mitt hovud ljuvleg salvar
med din nådes olje sam.
Hjartestaupet fløder yver.
Berre lukke og miskunn
skal meg fylgja alle dagar
ævelegt i Herrens hagar.

Fritt umskrivne av kerar J. Høinæs.

Notisar.

Vigde: 19. mai på Flora Sigmund Hansson Hennøy og Amanda Olsdtr. Humberstad. — 25. mai i Davik Ivar Kristensson Bøen og Ragnfrid Ivarsdr. Dombestein. — 16. juni i Davik Ingvald Kristensson Bøen og Marie Svendsen, Haram. — 22. juni i Davik Hans Andersson Endal og Elisa Berntsdtr. Indredavik.

Ofringar. I Rugsund 21. mai til heidningmisjonen kr. 58.20. — I Aalfot 24. mai til sundagsskulearbeidet 11.50.

Basarar og festar. Davik 22. mai til heidningmisjonen kr. 133.06. — Gangsøy 29. april 125 kr. til Kinamisjonen, 41.67 til indremisjonen, tilsaman 166.67. — Rugsund 22. mai til indremisjonen 104.00; bøssepengar til umstreichmisjonen 20.30. — Aalfot 27. april til sjømannsmisjonen 135.00. — Tytingvåg 3. juni 100 kr., delt likt mellom sjømannsmisjonen og redningssaki.

Ved kollekt i Kjølsdal på møte ved pastor Gotteberg 5. juni kom inn 15 kr.

Peri-testamente kan ein no få på nynorsk. Det er heile det Nye Testamente, men boki er so litit, at ein kan ta henne i ei vestelumme. Medlemmer av bibelselskapet får 20 prosent avslag i prisen, som er 4 eller 6 kr.

For 100 år sidan. Vigde: 2. juli 1834 Iver Rasmussen Viig, gbr., son til Rasmus UlrikSEN

Midtgård, Selje; 24 år, og Rakel Skram, Selje, 20 år, dotter til Arne Andersen. — 20. juli Peder Berleødegåard, son til Ole Olsen, 37 år og enkje Ingeborg Hansdtr. Vingelven, 44 år. — 20. juli Ole Gjengedal, Gloppe, 19 år, son til Josef Knudsen, og Kari Gjesdal, 25 år, dotter til Tollef Samsonsens. — 6. juli Jakob Glofsjø, enkjemann, 50 år, son til Jens Pedersen, og enkje Magdeli Risøen, 47 år, dotter til Jens Iversen. — 6. juli Rasmus Noesen Solheim, 44 år og enkje Synneve Hole, 40 år, dotter til Rasmus Jetmundsen. — 13. juli Enoch Hunsgaard, 27 år, son til Rasmus Rasmussen, og Brithe Klubben, 21 år, dotter til Lars Gjertsen.

Gudstenester og sundagspreiker:

7. sund. etter treein., 15. juli: Aalfot og Kjølsdal.
8. sund. etter treein., 22. juli: Totland, Hennøy, Eldevik og Bortne.
9. sund. etter treein., 29. juli: Davik og Rugsund.
10. sund. etter treein., 5. aug.: Aalfot og Kjølsdal.
11. sund. etter treein., 12. aug.: Davik og Rugsund.
12. sund. etter treein., 19. aug.: Totland og Berle.

Kvittering for kontingent. Marie Askevik, Johan Oldeide, Elling Grindøy, Iver Furenes, Edv. Tytingvag, Samuel Nordbø, Samuel Torheim, Sigurd Isane, Alfred Førde, Bernt Sandal, Ole J. Isane, lærar Høinæs, Peder Otteren, Paul Dombestein, Birger Indredavik, Elias Askeland 2 kr. — Lærar Eikås, Kristofer Krabbestig, Ivar Torheim, Ole I. Husevåg, Ole A. Isene, O. D., Anders Otteren, Mrs. Hanna Arntzen (U.S.), syster Oline Vingelven, Kristen M. Sigdestad 3 kr. — Margrete Krabbestig 1.25. — Peder Sørvik, Lars A. Tytingvåg 1.50. — Ole A. Leite, Isak Isaksson Husevåg, Brita Isane, Mons Isane 2.50. — Ane Husevåg 1. — R. Bortneskår 5.

Hjarteleg takk til alle.

Til **Nordfjord indremisjon** er i året 1933—34 kome inn i Davik: Frå unennd, Gangsøy, bordteppe kr. 27.30; fest Gangsøy 41.67; Husevåg kvinneforeining 62.25; fest på Marøy 107.26; kollekt på Marøy 44.40; kollekt i Rugsund 21.97; W. Bakke 50; Rugsund indrem.forein. 100; offer i Rugsund på påskemøtet 205; Rugsund indrem. forein. 70; matsulet ved påskemøtet 89.82; basar i Rugsund 104; kollekt i Davik 12.35; bøssepengar Davik; Davik indrem.forein. 11.75, Dombestein forein. 27; offer Totland 34.33; basar Bryggja 85; basar Aalfot 56; kollekt Maurstad 21.16; basar Maurstad og Rimstad 130; kollekt Levdal 18.28; Levdal foreining 60.35; fest Nordstrand 15; fest Nordstrand 65; Haus og Ervik barneforein. 109; Hennøy 41.50; basar Hennøy 50; Bortne 78.50; Kjølsdal ved Roset 50; Kjølsdal ved Ekrem 11.20; kollekt Kjølsdal indrem. forein. 60; Nordstrand indrem. forein. 80; Isane indrem. forein. 60.50; bøssepengar 5.74; kollekt Torheim 8.15. — Tilsaman 2048.49. — Inntoma i heile fjorden var 6990.34.